



- eit fyrstårn i vest

Du finn meir informasjon her:

Øygarden kommune

www.oygarden.kommune.no

Folkehelseinstituttet

www.fhi.no/en/ (engelsk versjon)


Koronatelefon

Telefon 56 16 00 10

Tast 2 for å registrera deg for vaksine.

Telefontid

Måndag til søndag kl. 08.00 til 11.30
og 12.00 til 15.00



Øygarden kommune

Besøksadresse: Foldnesvegen 1, 5354 Straume

Postadresse: Ternholmvegen 2, 5337 Rong

Telefon: +47 56 16 00 00

E-post: postmottak@oygarden.kommune.no

OYGARDEN.KOMMUNE.NO



- eit fyrstårn i vest

Koronavaksine i Øygarden kommune



Alle over 18 år som er innbyggjar og som oppheld seg i Øygarden kommune over tid, skal ha tilbod om koronavaksine.

OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Koronavaksine i Øygarden

Formålet med vaksinasjon mot koronaviruset er å verna liv og helse for dei som er mest utsette for koronasjukdom. Vaksinen vernar det enkelte individ mot sjukdomen. Når ein tilstrekkeleg del av befolkninga har teke vaksinasjon, kan ein hindra at viruset spreier seg. For bedriftene er vaksinasjon eit viktig bidrag for å sikra stabil arbeidskraft.



Alle over 18 år som er innbyggjar og som oppheld seg i Øygarden kommune over tid, skal ha tilbod om koronavaksine.

Personar frå andre kommunar enn Øygarden som pendlar til Øygarden på jobb og skule, skal i utgangspunktet ta vaksine i Bergen.

Den første tida vil det ikkje vera nok koronavaksine for alle. Dei som har størst behov, vil få vaksine først. Det er Folkehelseinstituttet som fordeler vaksinar, og Øygarden kommune vil gje vaksinar etter kvart som det er tilgjengelege dosar.



Innbyggjarar og dei som oppheld seg i kommunen i samband med arbeid og utdanning, kan registrera seg i vaksineøkø elektronisk. For å gjera det, er det nødvendig å ha fødselsnummer eller d-nummer.

Vaksinasjonen er gratis

Slik registrerer du deg elektronisk

1. Trykk på denne lenkja: vaksine.oygarden.kommune.no
2. Logg inn med BankID.
3. Vel om du skal registrera deg sjølv eller på vegner av andre
4. Svar på enkle spørsmål og alder, yrke og helse
5. Send inn.
6. Du får stadfesting på SMS om at du er registrert.
7. Seinare vil du få melding på SMS at no er tida inne for å bestilla time.
8. Trykk på lenkja for å bestilla time.
9. Bestill time for både dose ein og dose to. Du har sjølv ansvar for at du også får dose to.
10. Bestillinga vert stadfesta på SMS.
11. Møt opp i det lokalet du er tildelt time for vaksining til avtalt tidspunkt.

OYGARDEN.KOMMUNE.NO

